

# Flammen

Vreid

Liv skal levast  
Tid kan ikkje krevast  
Trongen til framdrift  
Vil kvesta dommedag

Trussel, frykt og straff  
I namnet åt heilag makt  
Hindrar vilje og fornuft  
Døyr heller levande enn fortapt

I krafta av den brennande flammen  
Nåde må vike  
Utan frelse livet spirer

Slaget er her og no  
Ingen stor finale  
Ingen allmektige mørkemakter  
Som dømmer oss alle

I krafta av den brennande flammen  
Nåde må vike  
Utan frelse livet spirer

Synda sine flekkar  
vil alltid hefta  
Hendene blir træla av jord  
Heller urein og fallen  
Enn syndbunden av skriftas ord

I krafta av den brennande flammen  
Nåde må vike  
Utan frelse livet spirer